



STRYN KOMMUNE



FORSKRIFT

Godtgjersle

Tapt arbeids-

forteneste

**FORSKRIFT FOR GODTGJERSLE OG TAPT ARBEIDSFORTENESTE
TIL FOLKEVALDE I STRYN KOMMUNE**

Vedteke av kommunestyret KS 133/23, justert 23.11.2023

Innhold

§ 1. Formål.....	2
§2. Rett til fri frå arbeid	2
§ 3 Godtgjersle	2
3.1. Fast årleg godtgjersle	2
§ 3.2 .Variabel møtegodtgjersle	3
§ 3.3 Godtgjersle i styre, råd og utval.....	3
§ 3.4 Godtgjersle for styremøte, kurs og konferansar.....	3
§ 4. Tapt arbeidsforteneste	3
§ 4.1 Tapt arbeidsforteneste utan legitimasjon for kommunale møte:	3
§ 4.2 Tapt arbeidsforteneste med legitimasjon:	4
§ 4.3.Avgrensing.	4
§ 4.4 Tilsette i offentlig verksemd / andre.	4
§ 4.4 Omsorgsarbeid.	4
§ 5. Møtegodtgjersle – presisering.....	4
§ 5.1 Generalforsamling.	4
§ 5.2 Varamedlemmar.....	4
§ 5.3 Arbeidstakarrepresentant.	5
§ 5.4 Møtegodtgjersle vert ikkje utbetalt til:.....	5
§ 6, Godtgjersle for skyss, kost og overnatting	5
§ 7. Rett til sjukepengar for folkevalde som har vervet som sin hovudbeskjeftigelse	5
§ 8. Rettar ved yrkesskade	5
§ 9. Pensjonsordning	5
§ 10. Permisjonar	6
§ 11. Ettergodtgjersle ordførar.....	6
§ 12. Utbetalingsrutine.....	6
§ 13 Fristar – forelding av krav:.....	6
§ 14. Tolking av forskrifta	6
§ 15. Verknadstidspunkt.....	7

FORSKRIFT FOR GODTGJERSLE OG TAPT ARBEIDSFORTENESTE TIL FOLKEVALDE I STRYN KOMMUNE.

Vedtak i Stryn kommunestyre 17.12 2020, sak 168/20 – revidert etter endring i godtgjersle til stortingsrepresentantar 1.mai. Kommunestyret skal foreta ei vurdering av forskrift for godtgjersle til folkevalde på slutten av kvar periode med eventuelle forslag til endring av forskrift / satsar gjeldande for neste kommune-styreperiode

§ 1. Formål

Forskrifta skal legge til rette for eit breitt og reelt rekrutteringsgrunnlag til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

§2. Rett til fri frå arbeid

Arbeidstakarar har krav på fri frå sitt arbeid når det er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale organ.

Arbeidstakarar som har eit kommunalt verv på heiltid eller deltid, har også rett til permisjon frå sitt arbeid i fire år eller for resten av valperioden.

Kommunestyret vedtek reglement godtgjersle for folkevalde med utgangspunkt i løna til stortingsrepresentantar KS86/21.

Grunnlaget for godtgjerslenivå for alle politikarar i Stryn vert sett til 86,5% av stortingsrepresentantane si løn. Justering følg justering av lønn til stortingsrepresentantar, der dato for justering er 1.mai

§ 3 Godtgjersle

3.1. Fast årleg godtgjersle

- a) Ordførar: Ordføraren si godtgjersle vert sett til 86,5% av løna til stortingsrepresentantane. Godtgjersla dekkjer alle gjeremål som fell på ordførarvervet.
- b) Varaordførar: Varaordføraren si godtgjersle vert sett til 20% av grunnlaget for godtgjerslenivå. Godtgjersla dekkjer alle gjeremål som fell på varaordførarvervet.
- c) Formannskap, godtgjersla vert sett til 5% av grunnlaget for godtgjerslenivå. Formannskapet er også Administrasjonsutval. Den årlege godtgjersla til formannskapet dekkjer også godtgjersla til administrasjonsutvalet.
- d) Leiarar av Utval for helse og sosial, Utval for oppvekst og Utval for samfunnsutvikling, Leiar for kontrollutvalet. Godtgjersla vert sett til 5% av grunnlaget for godtgjerslenivå.
- e) Godtgjersle til leiar i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne og leiar av Inkluderingsutvalet vert sett til 1% av godtgjerslenivå.
- f) Fråver frå meir enn 1/3 av møta fører til ein reduksjon på 25% av godtgjersla. Eventuelle trekk blir utført påfølgande år. Grunnlag frammøterapport henta frå ACOS møte. Trekk blir utført påfølgande kalenderår.
- g) Dei som mottek fast møtegodtgjersle får ikkje utbetalt variabel møtegodtgjersle i tillegg.

§ 3.2 .Variabel møtegodtgjersle

Variabel møtegodtgjersle blir utbetalt pr møte til dei om ikkje mottek fast årleg møtegodtgjersle.

§ 3.3 Godtgjersle i styre, råd og utval

- a) Medlemmer av kommunestyret, sektorutval, kontrollutval
Godtgjersla for kvart møte vert sett til **1,0⁰/₀₀** av ordføraren si årlege godtgjersle.
- b) Sakkundig takstnemd, Eigedomsskatt/ Sakkundig klagenemd, Eigedomsskatt
Godtgjersla for kvart møte vert sett til **kr 2,0⁰/₀₀** av ordføraren si årlege godtgjersle.
- c) Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet, Arbeidsmiljøutval, Namnenemd, Valnemnd. Godtgjersla vert sett til **0,5⁰/₀₀** av ordføraren si årlege godtgjersle.
- d) Nestleiar som møter i leiar sitt fråver: Når nestleiar i utvalet må leie møtet i utvalsleiar blir godtgjort med kr 215 pr time i tillegg til variabel møtegodtgjersle. Berekna slik: tid til førebuing til møtet + møtetid.

§ 3.4 Godtgjersle for styremøte, kurs og konferansar

Dette gjeld møte der kommunestyret sine valde_ representantar til styre, utsendingar til generalforsamling og samarbeidsutval mm . Dette gjeld møte som ikkje blir godtgjort av andre kommunar, organisasjonar, stiftingar mm. Godtgjersle slik det går fram av dokumentet Godtgjersle til folkevalde – satsar. 1. Tapt arbeidsforteneste pkt a.

§ 4. Tapt arbeidsforteneste

§ 4.1 Tapt arbeidsforteneste utan legitimasjon for kommunale møte:

- a) Folkevalde som har tapt arbeidsforteneste for å delta på kommunale møter og andre møter med rett til godtgjersle får dekkta tapet etter vedteken timesats slik det går fram av dokumentet *Godtgjersle til folkevalde – satsar. Pkt 3.1*
- a) Ordføraren kan etter søknad innvilge godtgjersle på kr 2150,- for tapt arbeidsforteneste utan legitimasjon for å delta på møter i kommunestyre, sektorutval, kontrollutval, og formannskap. Vilkåret for å innvilge slik søknad er at søkjar kan dokumentere høgare tapt arbeidsforteneste. For dei som får innvilga søknad om godtgjering etter bokstav b, fell godtgjering etter § 4 a og bort. Ordføraren sitt vedtak gjeld til nytt vedtak er gjort eller endring i arbeidssituasjon gjer at grunnlaget for vedtaket fell bort.

§ 4.2 Tapt arbeidsforteneste med legitimasjon:

På grunnlag av dokumentasjon frå arbeidsgjevar om faktisk trekk i løn, vert dette utbetalt krone for krone i kvart tilfelle. Medlemmar som har fast løn, og som ikkje blir trekt i løn for møtefråværet, får ikkje godtgjersle for tapt arbeidsforteneste.

Medlemmar som deltar i Ad-hoc-utval skal og ha utbetalt tapt arbeidsforteneste.

§ 4.3.Avgrensing.

Ordinær arbeidsforteneste vert avgrensa til å gjelde tidsrommet frå kl. 08.00 til kl. 19.00 på yrkedagar. Utbetaling av ordinær arbeidsforteneste utan overtidstillegg.

§ 4.4 Tilsette i offentleg verksemd / andre.

Tilsette i offentleg verksemd eller andre som opprettheld løna si under fråvær for å ivareta offentlege verv, får ikkje vederlag for tapt arbeidsinntekt. Kommunalt tilsette som har offentlege verv opprettheld løna i 10 dagar, jf. Hovudavtalen, for så å få godtgjort etter reglane for folkevalde.

§ 4.4 Omsorgsarbeid.

Folkevalde som har omsorgsansvar for born, sjuke, eldre og funksjonshemma får dekkta utgifter til omsorgsvikar. Utgifter må dokumenterast.

§ 5. Møtegodtgjersle – presisering.

§ 5.1 Generalforsamling.

Kommunen sine utsendingar til generalforsamling som har tapt arbeidsforteneste får dekkta tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter dersom ikkje andre betalar.

§ 5.2 Varamedlemmar.

Varamedlemmar som vert innkalla til å møte på deler av møtet, t.d. ei einskild sak, får halv møtegodtgjersle.

§ 5.3 Arbeidstakarrepresentant.

Arbeidstakarane sine representantar i kommunale styringsorgan har dei same rettar som dei folkevalde.

§ 5.4 Møtegodtgjersle vert ikkje utbetalt til:

- a) Tilsette som i kraft av si stilling er valde medlemmar til kommunale styringsorgan. Tillitsvalde etter Hovudavtalen fell utanfor.
- b) Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle for synfaring og samrådingar utanom møta, dersom ikkje heile styret, rådet eller utvalet er samla.
- c) Kommunalt vald styremedlem i sjølvstendige institusjonar får ikkje godtgjort noko etter det kommunale regulativet.
- e) Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle for temadagar i kommunestyret.
- f) Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle på opplæringsdagar.

§ 6, Godtgjersle for skyss, kost og overnatting

Folkevalde som utfører kommunale verv får dekka sine utgifter til skyss, kost og overnatting etter Staten sine satsar. Medlemmet får utbetalt sats for billigaste reisemåte. Avvik frå dette skal avklarast på førehand med ordførar i kvart tilfelle. Avviket skal dokumenterast skriftleg.

§ 7. Rett til sjukepengar for folkevalde som har vervet som sin hovudbeskjeftigelse

Ved sjukefråver dekker Stryn kommune sjukepengar i arbeidsgjevarperioden for ordførar og varaordførar. Sjukmelde må sjølv søke NAV om sjukepengar etter denne perioden i lys av gjeldande regelverk.

§ 8. Rettar ved yrkesskade

Ordførar og varaordførar skal meldast inn i kommunen si yrkesskedeforsikring og eventuelle andre tilleggforsikringar som gjev tilsett i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade.

§ 9. Pensjonsordning

Ordførar og varaordførar vert innmeld i pensjonsordninga for folkevalde.

§ 10. Permisjonar

Permisjon kan berre innvilgast i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Ordførar og varaordførar har rett til permisjon med godtgjersle i inntil to veker, med mindre dei gjev avkall på denne. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barns og barnepassers sjukdom, har vedkomande rett til godtgjersle etter dei same reglene som gjeld for tilsette i kommunen.

§ 11. Ettergodtgjersle ordførar

(KS- 101/19 Vedtak)

Når ordførar ikkje har ein jobb å gå tilbake til etter endt teneste eller det blir eit opphald mellom vervet som ordførar og overgang til sivil jobb, får vedkomande etter søknad utbetalt ettergodtgjering med inntil 3 månader. Retten til ettergodtgjering skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde frivillig avstår frå. Pensjonsinntekter etter folketrygdlova kapittel 19 og kapittel 20 vert ikkje rekna som inntekt etter andre ledd. Dersom den folkevalde kan gå tilbake til ordinær jobb skal vedkomande ha ettergodtgjering ut månaden som konstituering skjer; i praksis ut oktober mnd.

§ 12. Utbetalingsrutine

Fast årleg møtegodtgjersle vert utbetalt månadleg.

Møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste med og utan legitimasjon og reiseutgifter blir utbetalt på grunnlag av innlevert krav. Frist den 1. i kvar månad for å få det med på utbetaling den månaden.

Representanten leverer rekning etter kvart og møte. Rekninga vert utbetalt ved neste lønsutbetaling.

Representanten er sjølv ansvarleg for å levere rekning.

§ 13 Fristar – forelding av krav:

Frist for å levere krav om godtgjersle er 3.mnd etter møtet. Etter dette er kravet forelda og godtgjersle blir ikkje utbetalt.

§ 14. Tolking av forskrifta

Ordføraren tolkar forskrifta og tar stilling til tvilstilfelle som ikkje er prinsipielle.

§ 15. Verknadstidspunkt

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato i kommunestyret.